



Rygir Tomteutvikling AS v/adv Bjørn Liabø  
Postboks 483  
5805 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1103 - 14/3528

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:  
11.03.2014

## Godkjenning- Frådeling av parsell til bustadutbygging- felt B16 på Mjåtveit, gnr 22 bnr 190.

**Administrativt vedtak. Saknr: 41/2014**

### Saksutgreiing:

Walde Utvikling AS har etter fullmakt frå heimelshavar Nina og Terje Eriksen søkt om frådeling av parsell på ca 7700 m2 til bustadområdet B12 i reguleringsplan for Mjåtveitmarka. Søknaden er stempla inn 13.nov 2013. I mellomtida har det skjedd eigar- og navneskifte på firmaet som no heiter Rygir Tomteutvikling AS. Heimelshavarane Nina og Terje Eriksen har 27.02.2014 gitt melding om at søknaden er overført til Rygir Tomteutvikling AS. Advokat Bjørn Liabø har 28.02.2014 sendt inn melding om at han kan registrerast som kontaktperson for Walde Utvikling AS ( no Rygir Tomteutvikling AS) i denne saka.

Eigedommen 22/190 er på 41 188 m2 før frådeling av denne parsellen og alt arealet er omfatta av reguleringsplan for Mjåtveitmarka- godkjent av kommunestyret i møte 23.01.2008, sak KS-15/08.

I tillegg til parsellen på ca 7700 m2 er det også søkt om frådeling av ca 50 m2 frå 22/77 ( Terje Eriksen) og ca 48 m2 frå 22/227 ( Rygir Tomteutvikling).

Utbyggingsområdet B16 skal ha avkøyring direkte frå den nye vegen inn i Mjåtveitmarka. ( Veg 2)

VA er opparbeidd felles for all utbygging i området.

Naboar er varsla og ingen merknader er kome inn. Gnr 22 bnr 105 har fått nye eigarar etter at nabolista var produsert og desse får difor kopi av dette vedtaket med klagerett. Eigedomsgrensene

til 22/105 er fastlagt i oppmålingsforretning og vil ikkje verta endra i denne forretninga. Ein gjev difor fritak for ny varsling i saka.

### **Vurdering:**

Frådeling av omsøkt parsell på 7700 m2 frå 22/190 er i tråd med reguleringsplanen og er difor kurant. Utbygging av området skal detaljregulerast før utbygging.

Søknad om frådeling av ca 50 m2 frå 22/77 vert godkjent som grensejustering då dette arealet truleg utgjer mindre enn arealgrensa for justering- maks 5% av den minste eigedommen sitt areal.

Søknad om frådeling av ca 48 m2 frå 22/227 fører til eit «utstikk» på eigedommen og er ikkje i tråd med den rette linja i reguleringsplanen. Eigedommen 22/227 er seksjonert og det omsøkte arealet gjeld areal som er oppmålt som tilleggsareal til seksjon nr 12. Det vil her vere trong for reseksjonering ved endring av dette arealet og kan difor ikkje verte handsama i denne saka.

### **Vedtak**

«Meland kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 20-1 bokstav m, søknad om oppretting av ein parsell på ca 7700 m2 frå gnr 22 bnr 190, i samsvar med søknad dat. 13.nov 2013. Parsellen utgjer hovuddelen av planområdet B16 i Reguleringsplan for Mjåtveitmarka og skal nyttast til bustadbygging.

Overføring av eit areal på ca.50 m2 frå 22/77 vert godkjent som einssidig grensejustering.

Endelegre grenser til parsellen vert fastsett ved oppmålingsforretninga.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova §28, jmf vedlagt skjema.»

## **Plan, utbygging og kommunalteknikk**

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå  
fagansvarleg gis/geodata

**Kopi til:**

Terje og Nina Eriksen

Kjetil Borlaug og Cathrine Brosvik

**Mottakere:**

Rygir Tomteutvikling AS v/adv Bjørn Postboks 483

5805

BERGEN

Liabø